



Fræna kommune
Teknisk forvaltning
Plan

Grunneigarar/interessentar
følgje vedlagde liste

Administrativt vedtak
Delegert plansak - nr. 2/2009

Dykkar ref:

Vår ref
2008/3046-3

Saksbehandlar
Wenche Lyngstad

Dato
06.01.2009

MELDING OM DELEGERT VEDTAK

De vert med dette underretta om at slikt vedtak er fatta:

Forslag til mindre vesentleg reguleringsendring for reguleringsplan HOLAMYRA NÆRINGSPARK, slik det går fram av planutsnitt datert 10.11.08, blir vedteke.

Vedlagt følgjer saksframlegg med vedtak.

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen.

Dette må skje innan tre - 3 - veker etter denne kunngjeringa. Klaga må vere skriftleg og grunngjeven. Klaga skal sendast til det faste utval for plansaker (PLØK) som kan gjere om vedtaket, eller sende den vidare til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Med helsing

Rune Iversen
plan- og bygningssjef

Wenche Johanson Lyngstad
sakshandsamar

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
Fræna kommune, 6440 Elnesvågen	Kommunehuset	712 68 100	4100 07 20001
E-post:		Telefaks	Org.nr
postmottak@frana.kommune.no	www.frana.kommune.no	712 68 198	845 241 112

Delegert plansak - nr. 2/2009 (vedlegg til brev, melding om vedtak)

Vedteke etter fullmakt i samsvar med kommunelova § 23, jfr. brev frå rådmann datert 22.12.93

MINDRE VESENTLEG REGULERINGSENDRING

Reguleringsplan: HOLAMYRA NÆRINGSPARK
Vedteke / stadfesta: 23.10.2006
Planident: 08028

Bakgrunn :

I vedteken plan for Holamyra Næringspark er det regulert inn tomt for nettstasjon i det nordvestlege hjørnet i forretningsområdet F3. Under opparbeiding av området fann Istad Nett AS ut at det var mest formålstenleg å heller plassere nettstasjonen i det sørvestlege hjørnet av forretningsområdet F6. Med bakgrunn i dette har Fræna kommune motteke ein søknad som inneber ei mindre vesentleg endring av vedteken reguleringsplan for HOLAMYRA NÆRINGSPARK. Planen vart vedteken i kommunestyret 23.10.2006.

Formålet med vedteken plan:

Å legge til rette for storhandelsverksemd/verkstad.

Formålet med endringa:

- Å fjerne den planlagde tomte for nettstasjon i det nordvestlege hjørnet av området F3.
- Å regulere inn ei ny tomt for nettstasjon i det sørvestlege hjørnet av området F6.

Forslaget til endring har vore sendt til berørte grunneigarar, sektorstyresmakter og andre interessentar for uttale, jamfør Plan- og bygningslova § 28-1 nr 4.

Merknader:

Fræna kommune har ikkje motteke merknadar til utsending av førehandsvarsel datert 10.11.08, med planutsnitt datert same dato.

Jamfør § 28-1 nr 2 i Plan- og bygningslova og i medhald av reglement for delegering av mynde i Fræna kommune gjer plan- og bygnings sjefen slikt vedtak:

Forslag til mindre vesentleg reguleringsendring for reguleringsplan HOLAMYRA NÆRINGSPARK, slik det går fram av planutsnitt datert 10.11.08, blir vedteke.